



Majo Eigedom AS
Lindåsvegen 154
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/246 - 19/5433

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
Anngunn.Gullbra@meland.kommune.no

Dato:
20.02.2019

Godkjenning av seksjonering GBNR 141/75 Kvame nedre

Administrativt vedtak. Saknr: 111/19

Saksutgreiing

Kommunen har motteke søknad om seksjonering av eigdommen gbnr 141/75 i Lindås, med adressene Stølhaugane 15A og 15B.

På eigdommen er det godkjent vertikaldelt 2-mannsbustad, med 2 likeverdige bueiningar. Begge bueiningane går over 2 etasjar. Det er utvendig sportsbod til begge seksjonane som er tilleggsareal B. Alt areal på eigdommen utanfor bygningskroppar er registrert som fellesareal for dei 2 seksjonane i matrikkelen.

Det er avsatt tilstrekkeleg areal til parkering på eigdommen.

Det er utarbeidd og lagt ved vedtekter for sameiet BE6 Spesial, gbnr 141/75 i Lindås kommune.

Vurdering:

Søknad om seksjonering er i 3 eksemplar og har fylgjande vedlegg:

- Situasjonsskart som tydeleg viser eigdomsgrenser og plassering av 2-mannsbustad. Kommunen har påført S1 og S2 på situasjonsskartet.
- Planteikningar av 2-mannsbustad 2 plan, der seksjonsnummera og type rom er påskrive. Kommunen har påført seksjonsnummer 1 og 2 og T1 og T2 på bodane.
- Vedtekter for sameiet BE6 Spesial, som oppfyller minstekravet til slike vedtekter.
- Søknaden er signert av styrets leder og sendt inn av Dagleg leiar i Majo Eigedom AS.



Etter gjennomgang av søknad med vedlegg, finn ein at søknaden stettar vilkåra i Lov om eigarseksjonar §7.

Vedtak

Lindås kommune godkjenner, i medhald av §13 i Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65, søknad om oppdeling i 2 eigarseksjonar for gbnr 141/75 i Lindås (BE6 Spesial), på grunnlag av søknad med vedlegga situasjonskart, planteikningar og vedtekter.

Seksjonane 1 og 2 er likeverdige bustadseksjonar med sameigebrøken ½ kvar. Seksjonane er klart avgrensa i høve til kvarandre med delevegg mellom dei. Seksjonane har tilleggsareal B som er utvendige boder utanfor dei respektive inngangar.

Det er avsatt tilstrekkeleg areal til parkering på eigdommen. Utearealet på eigdommen er registrert som fellesareal i matrikkelen.

Seksjoneringa av eigdommen gbnr 141/75 er godkjent og ført i matrikkelen. Seksjoneringa vert sendt til tinglysing når klagefristen på 3 veker er ute, jmf Eigarseksjonslova §§ 16 og 17.

Klage:

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf Kommuneloven §23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Føreliggjande vedtak er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl, §27b.

Gebyr:

Det er fastsatt gebyr i medhald av § 15 i Lov om eigarseksjonar. Etter Lindås kommune sitt gebyrregulativ for handsaming etter Lov om eigarseksjonar pkt 14.1.1 er gebyret for 2 seksjonar kr 7250,- + tinglysingsgebyr kr 525,-

Med helsing

Tommy Veland
avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
Avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Majo Eigedom AS

Lindåsvegen 154 5916

ISDALSTØ